

# Seterbrukaren

Skrift frå Norsk Seterkultur  
Nummer 1 – oktober 1999

## Innhold:

Framtid for setra .....	side 2
Styret .....	side 2
Stiftingsmøte .....	side 3
Vedtekter .....	side 3
Budeieminne .....	side 4
Setertid er fritid .....	side 4
Dyra alltid først .....	side 5
Gamle storferaser .....	side 6
Seterkyr - inn til melking .....	side 7
Dolakeua .....	side 8



Norsk  
Seterkultur

# Seterbrukaren

er no overteke av interesseorganisasjonen Norsk Seterkultur, og målet er at dette skal bli eit kontaktpunkt og eit organ der det allsidige seterbruket i Noreg vert presentert. Kor ofte seterbrukaren kjem ut er opp til det nye styret, og som alltid er det eit økonomisk aspekt som vil vere avgjerande for aktivitetens nivået. Målet er 4 nummer pr. år. Neste nummer kjem i desember.

Har du seteropplevingar eller anna stoff som du ynskjer å dele med andre, så er seterbrukaren ein plass for dette.

Utgjevar: Norsk Seterkultur,  
6214 Norddal  
telefon 70 25 92 29  
70 25 91 77  
telefaks 70 25 91 57  
E-post: seterkul@online.no

Bedaktør: Torhild Svisdal Mjøen  
Trykk: Olav Snøfugls Trykkeri,  
7340 Oppdal

Foto: T.S.M.  
Foto framside:  
Gunnhild Wennevold

# Framtid for setra

Når dette blir lese er vel dei fleste flytta heimatt frå setra - etter veker og månader som venteleg har gjort både dyr og folk godt. Det er noko eige med buføringa, både forventningar og vemod. Når ein er på veg på setra i juni er sommaren ung og forventningane knytt åt vér, vokster og avdrått er store. Heimferda er vemodig, men samstundes fyllt av gode kjensler og minne. Slikt er det godt å ha med seg heimatt, når hausten byr på mørker og survêr.

Det har teke tid å få ut denne utgåva av Seterbrukaren. Først vart utgjevinga utsett til etter skipingsmøtet, sia var økonomien såpass usikker at både prosjektstyret og styret i den nyskipa organisasjonen Norsk Seterkultur fann det rettest å vente. Mange har etterlyst bladet, og no er all uvissa rydda av vegen og Seterbrukaren heldigvis i gjengette att. Denne utgåva går åt alle som fær tilskot til setring, og

for at flest muleg skal kunne bli medlemar i Norsk Seterkultur legg vi med ein giroblankett. Neste utgåva vil gå berre til medlemmane.

Prosjektet Norsk senter for seterkultur er avslutta, no er stafettpippen overlevert til Norsk Seterkultur. Styret har havt to møte og har lagt ein del planar for arbeidet framover. Utviklinga av organisasjonen og ei strategiplan for seterbruket er peika ut som sentrale arbeidsoppgåver. Styret ser elles for seg eit utstrekt samarbeid med nærskylde organisasjonar og institusjonar, m.a. i utviklinga av kurstilbod og andre arrangement.

Mange henvendelsar og innmeldingar fortel om stor interesse for organisasjonen vår, og generelt må det kunne seiast at setra verkeleg er i fokus for tida. I sommar har det vore mange små og store tilskipingar og seminar med setra som arena og emne, og jamnt blir vi kjent med prosjekt og forskingsarbeid der setra står sentralt. Vi har prioritert å delta på ein del av desse tilskipingane, seminar og

stemne, og å halde kontakten med fleire miljø som arbeider med og for setra og seterdrifta. Framleis blir setre nedlagt, men samstundes får vi stadig meldingar om/ frå folk som tek opp att seterdrifta. Såleis er det grunn til optimisme - og tru på ei framtid for setra!

Sist i august hadde fleire av seterbrukarane på Sunnmøre triveleg besøk frå Dalarnas Fäbodbrukarförening, og grunnlaget for framtidig kontakt og samarbeid er lagt. Om seterbruket reint talmessig står svakare i Sverige enn i Noreg, så har svenske seterentusiastar fått til ein årleg Fäbodsriksdag, med eit svært spennande og variert program. Kanskje skal vi satse på noko liknande her i landet?

Norsk Seterkultur har spreidd ein heil del informasjonsmaterieill i sommar - både på mange setre og på fleire større tilskipingar. Dette har resultert i mange nye medlemar. Med denne utgåva av seterbrukaren satsar vi på å nå enda fleire - og ønsker velkomne med i laget!

Jostein Sande

## Styret

**Jorunn Hagen** er sammen med mannen gardbruker med 70 geit og litt sau, på Tretten i Gudbrandsdalen. Hun har dessuten 1/2 stilling som produksjonsrådgiver i TINE-Østlandsmeieriet. Aktiv seterbrukar på egen seter, som for øvrig har vært i sammenhengende drift fra 1834. Leier «budeie» i slåtten, men er der mye av sommeren sjøl. Garden og driftsopplegget er helt avhengig av setra, og både folk og dyr trives godt der.


**Marit Hoel** kjem frå Sunndal på Nordmøre. Ho var mange somrar med og dreiv seter i Grøvdalen inni Sunndalsfjella og organiserte dei første seterkursa som vart haldne der. Marit har særleg engasjert seg i produksjonen på setra, dvs mjølka, osten og smøret. Ho skriv no gards- og slektshistorie for Vestnes kommune i Romsdal og er busett i Molde. I fleire år var Marit teaterrådgjevar / kulturkonsulent i Noregs Ungdomslag og har gjennom dette allsidig kjennskap til organisasjons- og kulturarbeid.

**Anne Ulsaker Bækken** busett i Hemsedal. Seterbrukar, driv md ku, servering til turistar på setra. Vert nærare presentert i neste nr.

**Ole G. Hertenberg** er utdanna sivilagronom frå NLH innan husdyrfag, men har for det meste arbeid med organisasjons- og informasjonsarbeid knytt til landbruket. Han har tidlegare jobba både i Norges Bondelag og Gilde Fellesslakteri forutan eiga næringsverksemd med informasjonsrådgivning. Til dagleg er han no informasjonssjef ved Landbrukssamvirkets felleskontor i tillegg til eiga gardsdrift med korn og gris. Ole G. Hertenberg er dessutan styremedlem i Den Norske Matfestivalen, og var pressesjef for fjorårets festival.

**Jostein Sande**, leiar. Geitbrukar og historikar busett i Norddal på Sunnmøre. Jostein er saman med sin bedre halvdel Åshild Dale initiativtakar til det no avslutta prosjektet «Norsk Senter for seterkultur» som er utgangspunktet for oppstarten av interesseorganisasjonen «Norsk Seterkultur». Dei er drivarar på Herdalssetra, som vil vere kjent for mange, med kaffistove og produksjon av geitkarameller. Innimellom fjøsstella driv jostein med ljàslått og skrivning av bygdebøker, og styrearbeid i ulike organisasjonar til dømes i Norsk gardsost.

Varamedlemmer er : **Pål Aukrust**, Os i Østerdalen  
**Ingrid Arneng**, Skammestein  
**Kari Garmager**, Dalholen



# Stiftingsmøte Vågå 20.mars 1999

Av T. S. M.

Eit stort arbeid av initiativtakarane til Norsk senter for seterkultur låg til grunn for det historiske stiftingsmøte på Klones vidaregåande skule laurdag 20.mars. Vågå vart valt av di det er eit midtpunkt i seterfylket Oppland som er det fylket med flest medlemmar i interesseorganisasjonen. Før møtet har 150 gardbrukarar teikna seg som medlemmar, dette syner ei stor interesse for organisasjonen hjå seterbrukarar over heile landet.

Stiftingsmøtet/seminarhelga byrja med trivelege velkomstord og eit spennande tilbakelikk på «vinterlego» (vintersetring) som har vore i Vågå. Dette sette oss omlag 25 deltakarane i fin seterstemning før sjølve stiftingsmøte.

Konstituering var fyrste post på møte. Innkalling og dagsorden vart godkjent. Tor Magnus Hansen, leiar i Norsk senter for seterkultur, vart valt til møteleiar og Tove Lofthus til skrivar. Da dette var stiftingsmøte skulle alle underskrive møtereferatet. Andre post på møte var melding frå prosjektstyret som vart lagt fram av Tor Magnus. Prosjektet har gått over to år, og vert avslutta sommaren 1999. Meldinga ga eit innblikk i formålet, organiseringa og aktiviteten desse to åra, noko som blant anna har vore grunnlaget for oppstartinga av denne organisasjonen.


Post tre vedtekter tok ein del tid da det vart ein del justeringar av ordlyden i dei foreslåtte vedtektene. Vedtektene i si heilheit finn de i dette bladet.

Post fire val vart gjort i tråd med dei nye vedtektene. Oversikt over styremedlemmane og varamedlemmane finn de på side to. Revisorar er Berit J. Brun og Kai Valbjør, Vågå.

Kontingenta for 1999 er som de ser av vedlagte giro.

Under posten handlingsplan og budsjett for 1999, kom det fram ulike idear og synspunkt. Det vert opp til det nye styret å ta med seg desse ideane for vidare arbeid. Neste årsmøte er bestemt lagt til Hemsedaltraktene, og skal haldast i samsvar med vedtektene.

Årsmøte vart avslutta av nyvalte leiar Jostein Sande som takka for tilliten.



## Vedtekter for Norsk seterkultur

### §1 Føremål

Norsk seterkultur, stifta 20.mars 1999, er ein interesseorganisasjon for aktive seterbrukarar og andre med interesse for norsk seterkultur.

Interesseorganisasjonen sitt føremål er å ta vare på seterkulturen i eit langsiktig perspektiv gjennom aktiv bruk av setrane i tråd med lokal kunnskap frå fortid og samtid.

Med seterkultur forstås organisasjonen både natur, kultur og næring knytt til utmarksområda som er og har blitt nytta til seterdrifta.

Interesseorganisasjonen skal fremja interesse for seterkultur over for offentlege styresmakter og samfunnet generelt.

### §2 Oppgåver

Organisasjonen si oppgåve er å: Marknadsføre setra som ein positiv del av norsk jordbruk.

Arbeide for å styrke medlemmene sin kompetanse.

Synleggjere kvinna si rolle innanfor seterkulturen.

Aktivt påverke det offentlege rammeverket knytt til næringsdrift på setra.

Medverke til samarbeid om sal og marknadsføring av produkt/tjenester frå setra.

Støtte opp om rekruttering.

Gje ut medlemsbladet Seterbrukaren og vurdere andre former for kunnskapsformidling og informasjonsarbeid.

### §3 Organisasjon

3.1 Norsk seterkultur sine organ er:

- Årsmøte

- Styre

3.2 Fylkes-eller regional lag kan opprettast dersom medlemmene i eit fylke eller ein region ynskjer det.

### §4 Medlemskap

4.1 Norsk seterkultur har desse formene for medlemskap:

- Aktiv seterbrukar

- Støttemedlem

- Institusjon / organisasjon

4.2 Alle medlemmer har direkte medlemskap i Norsk seterkultur.

Alle medlemmer har like rettigheter.

4.3 Medlemskap gjeld til det blir sagt opp skriftleg, men med manglande innbetalt kontingent vert medlemskapen sletta det påfølgjande året.

### §5 Årsmøte

5.1 Årsmøte er Norsk seterkultur sitt høgaste organ.

5.2 Ordinært årsmøte blir halde kvart kalenderår innan utgangen av mars.

5.3 Innkalling, sakspapir og revidert rekneskap skal sendast medlemmane seinast 6

veker før årsmøte.

5.4 Årsmøtet er lovleg sett når innkalling er sendt i samsvar med desse vedtektene, og innkallinga er godkjent av årsmøtet.

5.5 Medlemmar som har betalt medlemskontingent har stemmerett og kvar medlem har ein stemme.

5.6 Styret sine medlemmer og varamedlemmer har stemmerett i alle saker unntatt årsmelding og rekneskap.

5.7 Årsmøte skal handsama:

- konstituering

- innkalling

- sakliste

- årsmelding

- rekneskap

- kontingent, kontingent klassar

- verksemdsplan

- val av styre og leiar blant styremedlem

mane, vararepresentantar, dei siste i

prioritert rekkjefølgje, revisor og

valkomité.

- vedtekter / vedtektsendringar

- andre saker nemnt i innkallinga

Årsmøte uttalar seg om stad for neste årsmøte.

5.12 Valkomiteen som vart vald for tre år, skal ha 3-tre-medlemmar. Den skal fremja forslag til styremedlemmer og leiar og eventuelle andre val overfor det neste ordinære årsmøte. Medlemmene kan nominere kandidatar overfor komiteen innan 1.januar.

Valkomiteen si innstilling skal leggst ved innkallinga.

5.13 Alle medlemmer kan veljast til organisasjonen sine organ.

5.14 Alle val og avstemmingar, unntatt vedtektsendringar som krev 2/3 flertal (§79) vert avgjort med simpelt fleirtal. Ved likt stemmetal fell forslaget. Avstemingsmåten blir regulert i konstituering av årsmøte.

5.15 Styret kan innkalle til ekstraordinært årsmøte dersom det finst grunn til det, eller når minst 1/5 av medlemmer med stemmerett kver det. Ekstraordinært årsmøte handsamar berre saka / sakene som er grunnlaget for møtet.

### §6 Styret

6.1 Styret for Norsk seterkultur er samansett av 1-ein leiar og 4-fire styremedlemmer valt av årsmøtet blant medlemmene. I tillegg blir det valt 3-tre varamedlemmer i prioritert rekkjefølgje. Ved val av styre bør ein leggje opp til ei brei fagleg og geografisk fordeling blant medlemmene.

6.2 Leiar blir valt for eit år om gongen.

Styremedlemmer blir valt for to år om gongen. Ved første val er 2-to av styret sine medlemmer etter loddtrekning på val for halve styreperioden. Varamedlemmer er på

*Framhald neste side*



- val kvart år. Styret konstituerer seg sjølv med val av nestleiar.
- 6.3 Ingen kan sitja i styret meir enn 6-seks år samanhengande.
- 6.4 Styret leiar organisasjonen si verksemd og gjer vedtak i saker som ikkje er lagt til årsmøtet eller som dette har delegert til andre organ.
- 6.5 Styret er beslutningsdyktig når innkalling har funne stad og leiar eller nestleiar og minst 2-to styremedlemer er til stades.
- 6.6 Styremøte blir halde så ofte leiar finn det naudsynt eller når minst 2-to styremedlemer ber om det.
- 6.7 Styret er ansvarleg for drift av organisasjonen sin administrasjon, tilsett arbeids takarar og fastsett lønn- og arbeidsforhold for tilsette.
- 6.8 Styret arbeider for å oppretta regionale kontaktar.

### §7 Kontingent

Medlemskontingenten i Norsk seterkultur blir fastsett av årsmøtet.

### §8 Vedtektsendring

- 8.1 Framlegg om vedtektsforandringar skal sendast styret innan 1.januar og skal saman med styret sin uttale sendast medlemmane saman med årsmøteinncalling.
- 8.2 Vedtektsendringar krev 2/3 fleirtal av avgitte stemmer på eit ordinært årsmøte eller simpelt fleirtal på to ordinære årsmøter etter kvarandre.
- 8.3 Vedtekne vedtektsendringar blir gjort gjeldande frå det tidspunktet årsmøtet er avslutta, dersom ikkje noko anna er fastsett i vedtaket.

### §9 Tvist

Twistar blir løyst ved valdgift  
Kvar av partane vel ein representant, desse vel i fellesskap den tredje.

### §10 Oppløysing

Norsk seterkultur kan oppløysast på bakgrunn av innsendt forslag om vedtektsendring og handsamast etter same fristar som for vedtektsendring (§7).  
Organisasjonen blir oppløyst viss 2/3 av dei framømte med stemmerett stemmer for på to påfølgjande ordinært årsmøte.

Ved oppløysing skal organisasjonen sine resterende midlar når gjeld er betalt, overførast til eit fond som skal fremje seterulturen i Noreg.  
Oppløysingsmøte fastsett statuttar for dette fondet. Arkivet etter Norsk seterkultur blir levert Riksarkivet si privatarkiv avdeling.

Vedtekter vedtekne på stiftingsmøte  
20.mars 1999.

# Budeieminne

Av Asbjørg Lied

Tida på stølen var noko eg gledde meg til sjølv om det var mykje tungt arbeid og lange vegar å gå morgon og kveld. Samværet med dyra og fjellet gav så mange gleder og minnerike stunder.

På fine dagar var det vanleg at me mjølka kyrne ute på setervollen. Eit år hadde eg ei kvige, og denne kviga var heilt spesiell og ville ha meir oppmerksomheit enn dei andre kyrne. Kvar kveld når det leid til mjølketid kom Tyra, som ho heitte, og stilte seg opp inn til seltrappa fordi eg skulle mjølka henne først. Det vart då vanleg at eg mjølka henne først.

Men ein kveld fann eg på at eg skulle sjå korleis Tyra tedde seg om eg endra rutinen. Eg hadde sju kyr som skulle mjølkast og allereie medan eg var komen til nummer to såg eg at ho forlet plassen sin ved selet og gjekk avstad. Eg gjorde meg ferdig med alle dei andre kyrne før eg gjekk for å sjå kvar Tyra hadde tatt vegen. Ho hadde nok blitt skrekkeleg skuffa og fornærma, for eg såg henne langt borte i haugane. Då eg kom og skulle hente henne var ho slett ikkje motivert for å fylgje meg, same kor eg klappa og godprata. Eg måtte tilbake til selet og hente salt og litt av ein brøds kalk for å blidgjere henne. Då endeleg vart ho med meg tilbake til stølen, så eg fekk mjølka henne.

Eg var sjølvsgatt spent på korleis Tyra ville oppføre seg etter dette, men ho kom neste kveld og stilte seg opp som før, og resten av sumaren var det ho som vart mjølka først kvar kveld.

## Setertid er fritid

Av Petter Melchior / Torunn Ljøen



Ill.: Borghild Rud.

Vi tok over gardsbruket i 1987, samsundes som vi flytta attende til Norddal. Eg er utdanna adjunkt, medan Torunn har allmennfag frå vidaregåande og eit år på husstellfag som fagleg ballast. Dette er ikkje mykje å slå i bordet med når ein skal starte som geitehaldar. Til alt overmål er det Torunn som arbeider heiltid med dyra no, og slik sett er dagleg leiar på bruket. Eg arbeider fulltid i skuleverket, noko som gjer at gards arbeidet stort sett vert gjort i skyminga morgon og kveld. Vi «jagar» geitene til Herdalssetra i overgangen juni / juli, og

om lag samstundes slepper vi kjea og oksekalvane på utmarksbeite. På setra har vi fellesfjos som vi driv saman med dei andre geitbrukarane i bygda. (I 1999 redusert frå 6 til 4 brukarar!!)

Her har vi også felles dyrkingsareal som vert hausta ein gong årleg (juli/avg) Vi leiger «budeier» som steller dyra heile sommaren, og av og til langt ut i september.

For dyra er det sjølvsgatt kjekt å kome til seters, der beita er flotte i høve til kva dei er vane med dei siste vekene nede i bygda. Mjølkebilan køyrer heilt inn til døra, og kraftforet kjem i bulk som heime på garden. Vi har diesellaggregat til mjølkeanlegg og automatvaskar for sikkert reinhald.

Denne måten å drive seter på er ei forutsetning for oss. Utan å kunne disponere tida vår noko friare i denne perioden av året, hadde vi garantert ikkje vore geitehaldarar i dag. Vi har sjølvsgatt mange andre oppgåver som bind oss til garden, men vi kan få plass til mykje «normalt ferieliv» òg.

For oss er faren at vi i framtida vert så få at vi ikkje kan ta oss raa til det som dette felles tiltaket gjev høve til no. Kostnadane med å kjøpe seg denne fritida vert større til færre vi vert att. Sjølv om vi som brukarar ofte er usamde om korleis seterdrifta skal vere, er dette eit «lite» problem. Fellesskapet fører med seg langt fleire positive opplevingar, når ein berre klarer å vere litt «rund i kantane».

*I ein interesseorganisasjon for seterbrukarar synest vi det er viktig at ein har med seg denne synsvinkelen på setra. Det er viktig med fritid og pausar frå eit krevjande yrke. Organisasjonen må etter vår meining vere mest opptatt av korleis brukarane kan gjere seg nytte av setra, ikkje omvendt.*

# Dyra alltid først!

Av Christian Saxlund fra Hedmark


Her kommer historien om 27 setersesonger og hvordan det hele startet. Det har vært fantastiske somre, og jeg ville ikke ha vært noen foruten. Jeg føler jeg lærte noe nytt hvert eneste år. Det kunne være om dyra, naturen, produksjonen, tradisjonen eller mennesker man møtte.

Da jeg var tretten år avterte min far etter sommerjobb med dyr for meg. Jeg fikk være med på setra til Thora Horven i Folldal. Der lærte jeg det mest grunnleggende i hel seterulturen: Dyra kommer alltid først!

## Tunge tak på lange dager

Fra og med den første sommeren på setra var jeg helfrelst på seterlivet. Jeg har setret i Folldal, Valdres og Østerdalen. Det har alltid vært geiter og håndmelking, men de aller fleste somre var det også kuer. Det har vært uendelig lange dager. I ysteskjelen har det putret og kokt. Det har vært løfting av tunge jernkjeler, pussing av store kobberkjeler. Osten skulle pusses og tas vare på. Kundene som hadde reist langt skulle tas vare på og etterpå var det oppvasken. Mange dager la jeg meg sulten og med klærne på. Jeg var for trett til å spise eller skifte.

Det meste jeg har vært alene om er 101 dyr, men det var tøft. Da var det ikke mobiltelefon, så man var ganske prisgitt seg selv og eventuelt problemer som måtte oppstå. Det å håndmelke 76 geiter går bra, men når alt skal ystes, ja da går dagen.



## Trivsel for dyra

Jeg har alltid vært sammen med dyra den første stunden ute om morgenen. Da kan jeg observere dem godt, og vi føler nærhet og trygghet til hverandre. Det er kanskje en medvirkende årsak til at dyra aldri behøver å hentes om kvelden? Jeg har også som rutine å pusse alle kuer og kalver hver dag. Da trives de.

Det har vært episoder der dyra ble jaget av hunder, og av mennesker. Det har alltid endt forholdsvis bra, men jeg har lært meg å passe på dyra mine. Det gjelder å ha telepatiske evner, eller kanskje man heller skal


kalle det intuisjon? Hver gang det har vært nær katastrofe, har jeg tilfeldigvis vært i forsvarsposisjon. Det rare er at hundeeierne har vært totalt likegyldige til at hundene har gjort skade på dyra.

Nå er jeg bonde i Østerdalen, mens jeg tidligere var steward i S.A.S. Jeg setrer på en fantastisk vakker setergrend, der det er to andre som også setrer. Det var vanskelig for en som alltid har setret alene å skulle innordne seg «moderne» seterkultur. Jeg kom vandrende med bl.a. geiter og okse, noe som nok var litt fremmed. Det har ordnet seg så jeg må bare si at jeg gleder meg til atter å komme til seters. Dyra holder seg i separate flokker, selv om jeg er redd ungdya skal bli med nabodyra til fjells.

## Budeiekrav

Det eneste problemet jeg har er å få med meg hjelp. Det er vanskelig å finne noen som er villig til å ofre seg selv for dyra og seterulturen. Det er aldri fri, og det er lange dager, så det er kanskje forståelig? Det bør jo være folk som er interessert, som er friske, sterke, har ordensans, kan hygiene, liker kundebehandling og ikke minst være glad i dyr!

Og til slutt: Husk at dersom alle dyra ligger på samme side om morgenen, betyr det lykke!







## Ønskjer du å bli medlem?

Som medlem er du med på å:

- Fremje seterdrifta og seterkulturen
- Leggie grunnlaget for eit framtidig informasjon- og kompetansesenter knytt til seterkulturen
- Skape eit nettverk og eit fagmiljø, for aktive seterbrukarar og andre interesserte

Du får bladet Seterbrukaren fire gonger i året

### Medlemskontingent 1999

Aktiv seterbrukar	kr. 250,-
Organisasjonar/institusjon	kr. 400,-
Støttemedlem/tinging av Seterbrukaren	kr. 150,-

### JA, eg vil bli medlem

- Aktiv seterbrukar
- Organisasjonar/institusjon
- Støttemedlem/tinging av Seterbrukaren

Navn: .....

Adresse: .....

Fylke: .....

Telefon: .....

Send også tilbud om medlemskap til: .....

Send kupongen til:  
 NORSK SETERKULTUR  
 6214 NORDDAL  
 Tlf.: 70 25 92 29 - 70 25 91 77  
 Fax: 70 25 91 57  
 E-post: [seterkul@online.no](mailto:seterkul@online.no)  
 Bankgiro: 2367 20 51169

# Gamle storferaser

Av Bine Melby, Husdyrkonsulent Norsk Landbruksmuseum

Genressursurvalget har siden 1986 hatt det nasjonale ansvaret for bevaringstiltak for truede norske husdyrraser, hvor Norsk Landbruksmuseum har hatt sekretariatet og fulgt opp det praktiske bevaringsarbeidet. Det er satt i verk en rekke tiltak for å sikre de gamle rasene i samarbeid med bønder, organisasjoner, landbruksskoler og andre.

Det er lagt stor vekt på at de gamle rasene best sikres gjennom at de fungerer i vanlige besetninger, og at en har store og levende populasjoner av de enkelte raser og arter. Mange bønder gjør her en uvurderlig innsats. Noen av de iverksatte tiltak har vært etablering av bevaringsbesetninger blant annet for de mest trua storferasene. Det lagres både sæd og embryo til sikring for fremtiden.

## Øket interesse

Interessen for våre gamle norske husdyrraser har økt i de seinere åra. Stadig flere bønder velger å ha dyr av gammel rase i fjøset. Mange mener at de gamle rasene har fortrinn som moderne raser ikke har, andre ser det som viktig å bidra til at rasene holdes i live.

Her presenteres noen av de egenskaper som mange bønder har erfaring med og opplever som annerledes hos de gamle husdyrrasene. Mye av dette er i nyere tid ikke vitenskapelig dokumentert, men det er flere prosjekter på gang som vil bidra til å gi svar.

## Når ble rasene til ?

De fleste nasjonale rasene ble etablert rundt år 1900, og hadde sin «storhetstid» fram til 2.verdenskrig. Fra da ble det drevet et mer effektivt avlsarbeid som gjorde at utviklingen gikk mye raskere. For storfe ble Norsk Rødt Fe (NRF) etterhvert en stor og effektiv avlsorganisasjon som tok i bruk nye tiltak som kunstig sædoverføring og avkomstgranskning av okser. Det ble lagt mer vekt på egenskaper enn rasereinhet og det ble krysset inn både norske og utenlandske raser, og NRF ble en såkalt syntetisk rase. De fleste av de gamle rasene ble slått sammen med NRF og det meste av dette dyrematerialet forsvant. Det er også parallelle situasjoner for andre arter enn storfe.

Enkelte bønder beholdt imidlertid en del av de gamle rasene, og takket være dem fantes det igjen dyr som var grunnlaget for det dyrematerialet vi har i dag. Når en tenker på at svært mye av utviklingen i avlen har skjedd i de siste femti år, er det ikke rart at de gamle rasene kan ha andre egenskaper enn de moderne rasene.

## Forskjeller

Generelt er kroppsstørrelsen lavere hos de gamle rasene. Mange eiere mener at dyra lettere tar seg frem i terrenget og trækker mindre i stykker på grunn av lettere kroppsvekt, og at de er flinkere til å utnytte utmarksbeite. Det som også er synlig er at de gamle rasene har sin større variasjon i farger, avtegninger og behorning enn det som er vanlig i dag. Det er også en kjent sak at foredling og økt produksjonspress påvirker bruntsymtomer. Mange bønder har erfaring med at gamle raser viser sterk brunst, noen ganger mer enn nok!

Når det gjelder avdrått er det vanskelig å si noe om gjennomsnitt, spesielt for de mest fåtallige rasene; det er stor variasjon. Men at de i snitt ligger lavere enn moderne dyr er riktig.

## Forskningsoppgaver

Det er gjort en hovedoppgave ved Norges Landbrukshøyskole (NLH), der det ble undersøkt genetiske proteinvarianter i melk fra enkeltkyr, og funnet at det var større frekvens av proteintyper som er viktig for osteutbytte hos gammellrasekyr enn NRF.

Det gjøres nå en doktorgradsavhandling ved NLH som skal kartlegge beiteatferd i utmark i to besetninger som har både Sidet Trønderfe og Nordlandsfe (STN) og NRF. Næringsbehov til produksjon (inneføring) i en gruppe STN-kyr sammenlignet med tilsvarende gruppe NRF-kyr skal også undersøkes nærmere. Det er også sendt ut spørreundersøkelse til de som har inseminert med STN-sæd for å kartlegge hva slags erfaringer og forventninger gårdbrukerne har til rasen. I sine svar har gårdbrukerne blant annet svart at lynne og proteinprosent er egenskaper som de mener er bedre for denne rasen. Mange hadde en formening om at kroppsstørrelsen var mindre for rasen enn for NRF. Det endelige målet for forskningsoppgaven er å gi en skisse over hvordan en liten storferase fungerer i forhold til NRF.


For mer informasjon om de enkelte raser eller bevaringsarbeid kontakt:

Norsk Landbruksmuseum  
 V/ Bine Melby eller Sandrup Nordvoll  
 Tlf 64 94 99 97

Pb 5104  
 1432 ÅS

E-mail:  
[norsk.landbruksmuseum@nlm.nlh.no](mailto:norsk.landbruksmuseum@nlm.nlh.no)

Bjarne O. Braastad er førsteamanuensis i etologi ved Institutt for husdyrfag, Norges landbrukshøgskole. Etologi er læren om dyras atferd, og er en grein av biologi. Forfatteren forsker og underviser på et bredt felt og på en rekke ulike husdyrarter. De siste ti åra er det utdannet ca. 40 kandidater med hovedfagsoppgave innen husdyretologi ved NLH.



# «Seterkyr» - inn til melking!

Av Bjarne O. Braastad

Det later til å være stor forskjell mellom setre på hvor lett det er å lokke kyrne inn til melking. En undersøkelse i Valdres utført av Kjell Håvard Tuv, Planteforsk Løken, viser at noen kan bruke opptil en og en halv time på dette, mens andre lokker og setter seg ned for å lese ei bok mens dyra kommer. Skal en få en noenlunde brukbar timebetaling for seterdrifta, må innsamlinga av kyr være effektiv. Med bakgrunn i faget etologi (dyreatferd) og kunnskap om kuas atferd, og også de erfaringer mange budeier gjør sjøl, kan det gis mange råd for å lette innsamlinga av kyr.



## Valg av bjelleku

Hvis dyra står i båsjos inne, og mange av dem ikke har vært ute på beite sammen tidligere år, må de gradvis etablere sosiale strukturer. Noen kyr blir dominante med høy sosial rang. Disse har førsteretten til viktige ressurser, men det behøver ikke være disse som er lederdyr. Når dyr går i flokk, vil de dominante holde seg mer i midten. Her er de tryggest for eventuelle farer. Lederdyr er de som går først ved forflytninger. Disse kan

ofte være middels i rang, men erfarne kyr litt opp i åra. I store flokker kan det godt finnes undergrupper, som kanskje har preferanse for ulike deler av beitet.

Det er lederkua en bør velge til bjelleku, ikke den med høyest rang. Har en indikasjon på at det finnes undergrupper, må en ha en bjelleku fra hver gruppe. Det er derfor viktig at budeia vet hvor på beitet de enkelte kyrne foretrekker å være. Ei gammel bjelleku gir kanskje etter hvert lite mjølk. Likevel kan det være en god investering å beholde denne for å få flokken til å fungere best mulig.

Ved vårt institutt har Nina Hovden Sæther gjort en spørreundersøkelse om Sidet Trønder- og Nordlandsfe (STN). Av svarene viste det seg at brukerne mener at STN fungerer bedre enn NRF som bjelleku. De som hadde erfaring med STN var mer positive til slike kyr som bjellekyr enn de som ikke hadde kjennskap til denne rasen. Andre hevder at Dølafe er godt egnet som bjelleku. Dette tyder på at NRF-eiere kan ha fordel av å prøve disse rasene som bjelleku, men nyinnkjøpte må alltid bli kjent med flokken først.

## Godt forhold til budeia

Kyr som ikke har vært med på seterdrift tidligere må lære flere sider ved dette. Dette gjelder både forholdet til budeia og forholdet til andre kyr.

Når kyrne venner seg til vaner og oppførsel hos røkteren, vil de føle seg tryggere, noe som er viktig for å unngå stress. Det er også selvsagt viktig at kontakten oppleves som positiv. Hvis røkteren håndterer dyra uvørent eller på en usikker måte, blir dyra stresset, noe som kan ha en negativ virkning på mjølkeproduksjonen.

Lokking - Hver dag om vinteren og våren når budeia starter melking kan hu lokke slik hu seinere skal gjøre på setra for å lære dyra bruken av lokkingen.

Salt - Hvis en belønner med salt ved ankomsten til seterfjøset, bør dette gjøres hver dag i starten men bare av og til seinere. Da får en størst effekt av læringen.

Mens noen budeier lokker på kyrne og får de inn på den måten, må andre gå bak og jage.

Dyr som lar seg jage, har en viss grad av frykt, ellers ville de stått i ro. Jaging kan derfor lett gi dyra stress, og dermed kanskje redusert mjølkeproduksjon. I prinsippet er det derfor bedre å lokke dyra til seg enn å jage dem foran seg. Dette gir et bedre forhold mellom dyra og budeia.


Kvaliteten på lokkingen kan også tenkes å ha betydning. Den skal ikke være en vakker sang, men en effektiv måte å etablere kontakt mellom budeie og kyr på. Ei erfaren budeie fortalte meg at bjellekua hennes sendte forskjellige signaler videre til de andre kyrne etter som hvordan hu lokket. Dette kunne vært interessant å forske på for å lære mer om kommunikasjonen mellom budeie og ku.

## Erfaring og gode råd

Jeg kan ikke garantere at alle disse rådene hjelper. Forholdene varierer fra seter til seter, og dyra kan vise stor individuell variasjon. Enhver må prøve seg fram og lære av erfarne budeier. Men tenk spesielt på læringsmekanismene og de sosiale mekanismene kyrne påvirkes av.

Hvis du har andre gode råd eller knep, tar jeg imot det med takk.





## Spreke kyr kan temjast!

Den store suksessen! Amerikansk sparkevern og klave. Utruleg effektiv!

363-B3, Amerikansk sparkevern og klave for urolige dyr!

Dette er den sikraste måten å unngå at ei ku får sparka og dermed gjera skade på seg sjølv og menneske. Du berre trer den ned på dyret, og skruer til slik at musklane framom låra vert låste. Då vert det lett å mjølka, undersøka og inseminere dyret.

Pris kr. 695,00 + moms.

Denne og tusenvis av andre interessante varer for jordbruket finn du i katalogane våre på i alt 136 sider i fargar. Me sender deg katalogane gratis når du ber om det, slik at du kan spara mange pengar.


## A/S Nessemaskin

Nessane,  
6899 Balestrand

Tlf. 57 69 48 00, fax 57 69 48 01

*Neste nummer  
kjem berre til  
medlemmane.*

*Er du medlem?*



# Døla- kua

Av Anne Saglien

Dølakua er ei triveleg og god sæterku, utnyttar fjellbeite godt, og er flink til å ta seg fram i terrenget. Dei er lettbeinte, men er godt kjøttfatt. Mjølker om lag 3500 til 4500 kg i året og har svært god feitt- og proteinprosent.

Dei fleste har horn, men det forekommer også kollete eksemplar.

Dølakua har alle mulige fargekombinasjonar, men etter kilder fra gammelt av var dei for det meste brune eller svarte- med grå tone, og hadde ål etter ryggen i annan farge. Nå er dei både brandete og salete. Dette er ei frisk kurase med sterke og gode bein.



**Rein  
norsk  
natur  
og Felleskjøpets**

**FORMEL**

**gir det beste resultat**



**Felleskjøpet**